

Utdanningsdirektoratet
Postboks 9359 Grønland

0135 OSLO

Søknad om midlar til utvikling av nytt tverrfagleg programfag innan velferdsteknologi

Fylkesdirektør for opplæring søker med dette om kr 500.000,- for å utvikle eit nytt tverrfagleg programfag med tilhøyrande læreplan.

Energikompetansesenteret as (EKS) på Nordfjordeid, Stryn vidaregåande skule og Eid vidaregåande skule har sidan sommaren 2014 hatt eit forpliktande prosjektsamarbeid om velferdsteknologi.

Læreplanarbeidet er ein vesentleg del av utviklingsprosjektet. Prosjektet har som eit av hovudmåla sine å utvikle eit nytt tverrfagleg programfag i velferdsteknologi som kan nyttast i utdanningsprogramma elektrofag og helse- og oppvekstfag.

Velferdsteknologi er ei nasjonal satsing og Helsedirektoratet har varsla at det skal vere ein naturleg og integrert del av dei kommunale pleie og omsorgstenestene innan 2020. Satsinga bygger på NOU 2011:11 Innovasjon i omsorg og Stortingsmelding nr. 29 (2012 – 13) Morgondagens omsorg. Mange miljø rundt om i landet jobbar med tematikken, men etter det vi kjenner til er det lite utviklingsarbeid på vidaregåande nivå og fylkesdirektøren vurderer arbeidet med utvikling av det nye programfaget som sær s framtidsretta.

Med helsing

Tor-Einar Holvik Skinlo
ass.fylkesdirektør

Kenth Rune T. Måren
teamleiar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

Prosjektplan

Notat frå styringsgruppa til fylkesdirektør for opplæring datert 23.09.2015

Mottakar (ar)

Utdanningsdirektoratet Postboks 9359 Grønland 0135 OSLO